



Arkconsult

Referanser:

Dykkar: Inge A. Johannessen
Vår: 18/42 - 18/313

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammar
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:

04.01.2018

Løyve til omdisponering av innmarksbeite til vegformål på gbnr 190/1 og 190/2 Grøttveit

Administrativt vedtak. Saknr: 004/18

Vedtak :

Lindås kommune gjev løyve til omdisponering av innmarksbeite til vegformål på gbnr 190/1 og 190/2 Grøttveit. Vegtrasse framgår av vedlagt situasjonsplan i søknaden. Vedtaket har heimel i §9 i jordlova.

Saksutgreiing

Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 190/1 og gbnr 190/2

Adresse: Grøttveit, Gjervik

Heimelshavar: Magnus Grøttveit (190/1) og Trond Grøttveit (190/2)

Søkjjar: Arkconsult v/ Inge Johannessen

Saka gjeld

Saka gjeld omdisponering av jordbruksareal til vegformål då det skal etablerast ny avkøyrsløse og ny vegtrase på 60 – 70 meter på gbnr 190/1. Vidare skal vegen rettast litt ut og trekkast litt mot vest forbi våningshuset på gbnr 190/2.

Planstatus/gardskart

I kommuneplanen er det aktuelle arealet definert som LNF med særskilde kulturlandskapsinteresser.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt


www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM




Oversiktskart med ny og gammel vegtrase, gbnr 190/1



Vegtrase har tidlegare vore godkjent i Lindås kommune i 2009. Det har vore jordskiftesak om ny avkjørsle/veg.

Utklipp frå Nibio sitt gardskart i det aktuelle området på gbnr 190/1 og 190/2 :



Uttale

Fylkesmannen har kome med uttale og er negativ til tiltaket.

Vurdering

Omdisponering etter jordlova § 9

I jordlova § 9 1.ledd står det «Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon.

Formålet med forbodet mot omdisponering er å verna produktive areal og jordsmonn. Det grunnleggjande formålet er jordvern, det vil sei å sikra matproduserande areal.

I jordlova § 9 2.ledd er det opna for å gje dispensasjon frå 1.ledd i særlege høve der «det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika»

Ordlyden «særlege høve» understrekar alvoret kring jordvernet, det vil sei å sikre matproduserande areal for framtidige generasjonar.

Ein kan gje samtykke til dispensasjon etter ei samla vurdering av forholda. I jordlova § 9 2.ledd er det sagt kva omsyn som skal tilleggas vekt ved vurderinga: «*ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagn ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon*»

Det vil vere snakk om å omdisponere 200 – 300 m2 innmarksbeite til vegformål. Dagens avkøyrsløse er lite oversiktleg og trafikkfarleg.

Det er ei ekstensiv jordbruksdrift i eit kupert landskap med små teigar på Grøttveit. Men området har høg kulturlandskapsverdi.

I denne saka må ein vekte trafikkikkertheit opp mot kulturlandskapet. Ein veg som ligg fint i landskapet, utan steinfyllingar/steinskjæringar i dagen, er eit moderat inngrep i kulturlandskapet og må vike for tiltak som førebygger trafikkulykker.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anne Lise Molvik

Mottakarar:

Arkconsult